

Rylandvassdraget

ÅL SOM GÅR EIGNE VEGAR

Til vanleg held ålen seg nær botnen, der det er holrom og andre gøymestader. I RYLANDSVASSDRAGET gir han slike tryggingstilak på båten – den pelagiske ålen sym overalt i Storavatnet, Bjørndalsvatnet, Rylandsvatnet og dei mange andre større og mindre vatna i vassdraget.

Ålen kan, om han ikkje finn anna råd, ta seg fram over land på si ferd frå saltvatn til ferskvatn. Det er nok naudsynt for å koma opp dei 9–10 metrane i høgdskilnad frå sjøen opp til Rylandsvatnet og vidare til Bjørndalsvatnet, men ikkje på ferda vidare til Storavatnet gjennom kanalen frå 1866 og resten av vassdraget.

Ved Roslandspollen, der Rylandsvassdraget når sjøen, står ei ålefelle som fangar all ål som vandrar ut elva. I gjennomsnitt er denne ålen 1,5–2,0 kilo stor, og årleg blir det fanga 400–600 kilo i fella. I tillegg tek ein fleire hundre kilo i åleruser i Rylandsvatnet.

Det finst likevel ålefeller i Hordaland som tek meir fisk, som ved Vigdarvatnet i Sveio. Ålefeller kan vera særse effektive og stoppa mest all ålen som vandrar ut av vassdraget om hausten. Det kan høyrast dramatisk ut, men med kjennskap til ålens vandringsmønster veit ein at dette har neppe varig inn-



Ålefella ved utløpet av vassdraget. (Svein Nord)



Skeising på Storavatnet. Eldsfjellet i bakgrunnen. (Torill Refsdal Aase)

verknad på den lokale bestanden. All ål gyter i Sargassohavet utanfor Florida. Det meste av livet lever arten likevel i ferskvatn. Den *katadrome* ålen (som gyter i saltvatn, men for det meste lever i ferskvatn) er ikkje knytt til eit bestemt vassdrag, slik *anadrome* fiskeslag som laks (dei gyter i ferskvatn, men lever det meste av livet i saltvatn). Det verkar langt på veg tilfeldig kva vassdrag dei om lag 7 centimeter lange ålungane, *glasålane*, vel å ta seg opp i når dei vandrar inn frå storhavet. Ein del ål tek seg likevel aldri opp i vassdraga. Ål som ikkje går opp i ferskvatn, gir grunnlag for ålefiske i fleire av fjordane våre.

Ålen er ikkje åleine om å finna seg til rette i Rylandsvassdraget. Det er godt om aure og ein stor røyebestand i vatna. Røya vart sett ut i Rylandsvatnet, truleg i 1907. Initiativtakarane var familien Ameln, som åtte mølla i Rylandsvågen og delar av garden Ryland. I 1930-åra vart røya spreidd til Storavatnet, der det var ein god bestand fram til 1970-åra. Sidan har dette endra seg, småfisken har teke overhand. Ei gyttemogen røye veg i dag berre 160 gram. Det har vore tilrådd å ta opp 4–5 tonn røye på eitt år for å få akseptabel storleik. Røya i Rylandsvatnet har derimot fin storleik. Auren i vassdraget er av bra kvalitet – det er teke aure på 5–6 kilo i Storavatnet.

Storavatnet og områda kring er mykje nytta til friluftsliv. Kano er eit populært framkomst-



Arnt Brakstad har drive kultiveringsarbeid i Storavatnet i 15 år. Kvart år, om sommaren og tidleg på hausten, tek han opp kring 1 tonn røye med flytegarv. (Eirik Brække)

middel, og det er fleire fine holmar i vatnet som er godt eigna til telting. Furuskogen er rik på hjort. På sørsida av Storavatnet ligg den 107 meter høge Gripakletten, med grovaksen, gammal furuskog. Mange av trea er høge og rettstamma og godt kvista på den nedre delen, andre er krokete og stutte. Delar av denne skogen står på eit djupt jordsmonn, med næringsrik amfibolitt. Sjølv grove furutre treng ikkje å vera stort meir enn 100 år gamle når grobotnen er så god. Mange furutre på Gripakletten er likevel eldre enn dette. Blant lyng og mose i denne skogen veks knerot, ein sjeldsynt orkidé i Hordaland.



FLØKSAND – TIDVASSFLATE

Langgrunne strender der det er ein viss tidvassforskjell, og som ligg litt verna mot bølgeslag, kallar vi gjerne tidvassflater. Dei har ofte eit yrande liv både på overflata og nede i den finkorna sanden og leira. Sandpyramidar frå børstemark og skjel av ymse slag trekkjer til seg eit rikt fugleliv. Plantene har magrare tilhøve – som oftast er det berre nokre få artar som har tilpassa seg eit liv i tidvassona. Eit godt døme på ei tidvassflate finst i Leirvika på Fløksand. Den gjennomsnittlege skilnaden på høgvatn og lågvatn i dette området er om lag 120 centimeter. I det fuktige sedimentet er det dårleg utlufting og vanskelege kår for plantene. Men ein art har funne sin plass her – havstorr. Han er godt tilpassa dette miljøet og finst i store mengder. Lenger inne på den tørrare delen av stranda veks det mykje strandvindel. Han er lett å kjenna på dei store, kvite blomane. (Foto: Svein Nord)